



Raymond Chetty
Holsbergstien 48
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/453 - 15/5200

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
17.03.2015

Søknad om oppføring av garasje på gbnr 10/208 i Holsbergstien

Det vert vist til Dykkar søknad om oppføring av garasje på gbnr 10/208 i Holmemarka. Administrasjonen har gått gjennom søknaden og ser at den har manglar. Før administrasjonen kan handsame søknaden må følgjande dokumentasjon sendast inn:

- Tomannsbustaden på gbnr 10/208 er seksjonert med ein eksklusiv bruksrett på utearelet. Dykkar del av gbnr 10/208 har ein bruksrett på 557,25 m². I søknaden har Dykk oppgitt %BYA (bebygd areal) på tomten. Reguleringsplanen for Holmemarka aust er regulert med maks % BRA på 33%.

Administrasjonen har gjort ei kontrollrekning og kjem til at dykk vil komme over tillatt utnyttingsgrad på eigedommen:

Bustad 160m² + 35 m² garasje= 195 m²

195 m² * 100/557,25 m² (Dykar del av tomten) er **34,99 %**

- Tiltaket er såleis avhengig av dispensasjon frå reguleringsplanen når det gjeld utnyttingsgrad, slik søknad må grunngjevast, der det klart går fram fleire fordelar enn ulemper for å få dispensasjon.

Om søkjar velger å redusere garasjen slik at einkjem inn under eit samla BRA på 33%, må nye teikningar av garasjen sendast kommunen, saman med oppdatert situasjonskart og søknad.

Tiltaket må ikkje setjast i gang før løyve etter Plan- og bygningsloven § 20-2 er gjeve.

Dykkar søknad vert difor lagt i ventearkiv, i påvente av at manglande dokumentasjon vert innsendt. Når søknaden er komplett vil den verta teke fram til ordinær handsaming.

Kommunen held seg rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom sakshandsamar finn dette naudsynt ved nøyare gjennomgang.

Om noko skulle vera uklart, ta gjerne kontakt!

Med helsing

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Raymond Chetty

Holsbergstien 48 5918

FREKHAUG